

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
24/046	Plan og samfunn	24.06.2024

Kommunal planstrategi og planprogram til kommuneplanen sin samfunnsdel**KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. I medhald av plan- og bygningslova § 10-1 vedtek utval for Plan og samfunn at framlegg til kommunal planstrategi for Hyllestad kommune 2024-2027 vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.
2. I medhald av plan- og bygningslova § 4-1 vedtek utval for Plan og samfunn at framlegg til planprogram til kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2035 vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Vedlegg i saka:

19.06.2024 Kommunal planstrategi 2024 - 2027 og planprogram for samfunnsdelen

24.06.2024 Plan og samfunn**Handsaming:**

Samrøystes

PLSA24/046 Vedtak:

1. I medhald av plan- og bygningslova § 10-1 vedtek utval for Plan og samfunn at framlegg til kommunal planstrategi for Hyllestad kommune 2024-2027 vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.
2. I medhald av plan- og bygningslova § 4-1 vedtek utval for Plan og samfunn at framlegg til planprogram til kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2035 vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

AKTUELLE LOVER, REGLAR, AVTALAR MED MEIR:Plan- og bygningslova § 4-1 (planprogram) https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL_2-1-2#KAPITTEL_2-1-2

Plan og bygningslova kapittel 10 (kommunal planstrategi)

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL_2-4-1#KAPITTEL_2-4-1Plan- og bygningslova kapittel 11 (kommuneplan) https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL_2-4-2#KAPITTEL_2-4-2FN sine berekraftsmål <https://fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>**KVA GJELD SAKA:**

Forslag til kommunal planstrategi og planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

SAKSUTGREIING:

Kommunal planstrategi

Av plan- og bygningslova § 10-1 - Kommunal planstrategi, går det fram at:

“Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.”

Det har blitt gjennomført to politiske verkstader der administrasjonen har gått igjennom samfunnsdelen og freista gi ei framstillinga av Hyllestad kommune sin situasjon sett i lys av denne. På bakgrunn av kunnskapsgrunnlaget og signal frå verkstadane er planstrategi, inkludert planprogram for samfunnsdelen, utarbeidd. Dokumentet skal godkjennast politisk og leggast ut på høyring i 6 veker.

I denne fasen er det dei folkevalde som har medverka i eit samspel med administrasjonen, der administrasjonen har bidrege med å gi eit kunnskapsgrunnlag. I neste fase legg ein opp til medverknad innafor gitte rammer (planprogrammet), der målet er å vedta ein revidert samfunnsdel i juni 2025.

Planstrategien peikar på nasjonale og regionale føringar for Hyllestad kommune. Vidare vert det skildra eit kunnskapsgrunnlag som tek for seg gjeldande planstrategi 2021-2023, folketalsutvikling og demografi, oppvekst og levekår, næringsliv og sysselsetting og natur, miljø, klima og samfunnstryggleik. Avslutningsvis vert det gjort ei vurdering av planbehovet i den inneverande kommunestyreperioden, og det vert gjort ei prioritering av planoppgåver 2024-2027.

Planprogram

Sidan det var sterke signal om behov for revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel, har kommunedirektøren beslutta å slå saman kommunal planstrategi og planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel. Ein kjem då tidleg i gang med planarbeidet.

For alle overordna planar skal det utarbeidast og vedtakast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet, jamfør plan- og bygningslova §4-1.

Planprogrammet skal gjere greie for formål med planarbeidet, planprosessen med fristar, medverknad, alternativ som blir vurdert og behov for utgreiingar. Planprogramet skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn samtidig som ein varslar oppstart av planarbeidet. Endeleg utkast til planprogram fastsettast av kommunestyret etter at det har vore lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

I framlegg til kommunal planstrategi vert det fremja forslag om å revidere kommuneplanen sin samfunnsdel, med bakgrunn i det som kom fram i arbeidsverkstadar i prosessen.

I planprogrammet vert det skildra føremålet med planarbeidet. Det er også skildra ein enkel framdriftsplan, med prosess og medverknad i planarbeidet.

VURDERING:

Gjennom politikarverkstader i mai og juni 24, så er det gjort vurdering av samfunnsdelen, og signala er at den bør reviderast. Ein ser behovet for å prioritere slik at samfunnsdelen gir ein tydelegare retning. Det er også behov for å ta inn FN's berekraftsmål, samt ulike forventningar både frå nasjonalt og regionalt nivå.

Med bakgrunn i nye lokale prioriteringar, nye føringar frå nasjonalt og regionalt hald, medverknad og forankring i politkarverkstader, vil kommunedirektøren tilrå å revidere samfunnsdelen med planoppstart i oktober 2024. Det vert tilrådd at ein arbeider med alle dei 7 tema i samfunnsdelen. Det er utarbeida fleire planar sidan vedtak av førre samfunnsdel. Desse må i den grad dei er føremålstenlege, også innarbeidast eller leggest til grunn for revisjonen.

Kommunedirektøren tilrår følgjande:

1. I medhald av plan- og bygningslova § 10-1 vedtek utval for Plan og samfunn at framlegg til kommunal planstrategi for Hyllestad kommune 2024-2027 vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.
2. I medhald av plan- og bygningslova § 4-1 vedtek utval for Plan og samfunn at framlegg til planprogram til kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2035 vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.